



Eivind Gardshol Bjørndal  
Nedre Kirkebirkeland 18a  
5227 NESTTUN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2446 - 15/20961

Saksbehandlar:

Tore Johan Erstad

tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:

23.11.2015

## GBNR 57/26 - Avgjerd om å legge bort sak i medhald av pbl § 32-1, 2. ledd

**Administrativt vedtak: Sak 421/2015**

### SAKSUTGREIING:

Det vert vist til brev av 9.9.2015 der kommunen oppmoda om at det vart gjort greie for tilhøva knytt til vegtiltak på gbnr 57/26. I brev frå dykk av 21.9.2015 er det gjort greie for tiltaket. Mellom anna vart følgjande der opplyst:

Viser til Deres brev datert 9. september 2015 med forespørsel om mulig søknadspliktig tiltak. Hytten og eiendommen som denne saken gjelder, ble oppført i 1969. Den ble oppført i enkel standard, med vegrett i størrelsesorden 3 meters bredde som servitutt til eiendommen, se vedlegg 1. Det foreligger således vei i denne størrelsesorden inn til eiendommen i samsvar med denne servitutt.

Det har blitt nødvendig å gjøre tiltak på eiendommen for bl.a. å sikre drenering fra hytta og problemer i forhold til vannledning som fryser til om vinteren. Vi har måttet grave vannledningen lenger ned i bakken hvilket har medført behov for noe fjerning av fjell. Inngrep har vært gjort samtidig som vi har vedlikeholdt og oppgradert vegen til eiendommen, som etter hvert har utviklet seg til å bli nokså uframkommelig og til dels farlig særlig ved vått vær da bakken er bratt og glatt. Det er i den anledning fjernet noe fjell innenfor eiendommens tomtegrense, med maksimum 1 meter ned i terrenget for å planere ut veien og forsvarliggjøre tilgangen til eiendommen. Dette tiltaket er gjort etter avtale med nabo Bjørnestad. Det vil bli tilført masse oppå der det er fjernet fjell, slik at terrenginngrepet vil være på godt under 1 meter ned når vi er ferdig.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Eigedomen gbnr 57/26 er gjennom kommuneplanen sin arealdel (KPA) med føresegner vist som LNF-eigedom med status som LNF-spreidd fritidsbustad, jf føresegn 3.2.3, jf tabell 9.2. På slike eigedomar opnar føresegn 3.2.2 til KPA mellom anna for bygging av «intern veg på tomt og bilopstillingsplasser for tomtens bruk som ikke krever vesentlig terrenginngrep. [...] Anstand fra nabogrense må være minst 1,0 m», jf byggesaksforskrifta (SAK10) § 4-1 (1) bokstav d nr 10.

#### **VURDERING:**

I dette høvet ligg ikkje heile vegen på eigen tomt, samt at vegen synast å ligge heilt i tomtegrensa mot gbnr 57/76 og 57/26. Vilråa for at tiltaket ikkje er omfatta av søknadsplikten etter plan- og bygningslova – og gjennom det òg tillat etter KPA – er soleis ikkje oppfylt etter administrasjonen sitt syn.

I plan- og bygningslova § 32-1, første ledd heiter det:

«Kommunen skal forfølge overtredelser av bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven».

Sjølv om uttrykket «skal» er nytta om kommunen si plikt til å forfølge ulovlege tilhøve, er lova ikkje meint å skape rettar for andre. Ingen private rettssubjekt, til dømes naboar, har rettskrav på at kommunen forfølgjer eit ulovleg tiltak, jf rundskriv H-1/10.

Vidare heiter det i pbl § 32-1, andre ledd:

«Er overtredelsen av mindre betydning, kan kommunen avstå fra å forfølge ulovligheten. Beslutningen om dette er ikke et enkeltvedtak».

Pbl 1985 § 116b nytta omgrepet «bagatellmessig betydning» for å avgrense kva for overtredelser kommunane kunne avstå å forfølge, medan dagens lov nyttar omgrepet «av mindre betydning».

I lovforarbeida til pbl 32-1 er det sagt følgjande om endringa i ordlyden, jf Ot.prp.nr 45 (2007-2008), s 352:

«Av bestemmelsens andre ledd følger den eneste adgang plan- og bygningsmyndighetene har til å unnlate å forfølge ulovligheter. Er overtredelsen av mindre betydning, har myndighetene en diskresjonær adgang til å avstå fra å forfølge ulovligheter. Forslaget avviker fra Bygningslovutvalgets forslag, som foreslo at kommunen bare kunne unnlate å forfølge forhold av bagatellmessig betydning. Begrepet «mindre» innebærer et noe større spillerom for kommunene med hensyn til å velge hvilke ulovligheter som skal følges opp. Når det i andre ledd andre punktum er bestemt at en slik unnlattelse av å forfølge forhold av mindre betydning ikke er et enkeltvedtak, innebærer det at kommunens avgjørelse etter andre ledd ikke kan påklages».

Ei avgjerd om å avstå frå å forfølge eit ulovleg forhold ligg til kommunen sitt frie skjønn.

På bakgrunn av opplysningane frå tiltakshavar om at tiltaket har sin bakgrunn i trong for reparasjon og vedlikehald av høvesvis eksisterande tilkomstveg, utbetring av dreneringstilhøve og sikring av eksisterande vassleidning mot frost, finn administrasjonen at saka kan leggest bort i medhald av pbl § 32-1. I høve til dei omsyn reglane plan- og bygningslova skal sikre vert tiltaket vurdert å vere «av mindre betydning». Det vert mellom anna vist til at tiltaket ligg tett opp til det som uansett ville vore tillat etter SAK10 § § 4-1, jf ovanfor. Og vidare at grunnen til at vegen fell utanfor fritaket frå søknadsplikten ikkje er terrenginngrepet i

seg sjølv, men avstand frå nabogrense og at ein liten del går over framand grunn. Tiltaket etablerer heller ikkje ny avkjørsel til offentleg veg.

Føreliggjande avgjerd inneber ikkje kun avklaring etter plan- og bygningslova sitt regelverk og har ikkje verknad for privatrettslege spørsmål.

#### Gebyr:

Sjølv om saka vert lagt bort etter pbl § 32-1, 2. ledd, har administrasjonen sitt arbeid innebore ei realitetshandsaming av saka på bakgrunn av avdekking av eit søknadspliktig tiltak som normalt òg ville vore avhengig av dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel, jf saksutgreiing og vurdering ovanfor. Gebyr stort kr 4 000,- følgjer då av gjeldande gebyrregulativ punkt 12.1.1.

#### **AVGJERD:**

«I medhald av plan- og bygningslova § 32-1, 2. ledd, treff Meland kommune avgjerd om avstå frå ytterlegare forfølging av bygging/utbetring av tilkomstveg til gbnr 57/26 i Meland kommune. Grunngeving for avgjerda kjem fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.»

\*\*\*\*\*

Avgjerd om å legge bort sak om mogleg ulovleg tilhøve i medhald av pbl § 32-1, 2. ledd er ikkje eit enkeltvedtak, og kan difor ikkje klagast på etter reglane i forvaltningslova.

#### **VEDTAK:**

«Tiltakshavar vert i medhald av pbl § 33-1 (heimel for gebyrregulativet), jf gjeldande gebyrregulativ punkt 12.1.1 ilagt gebyr stort kr 4 000,-. Grunngeving for vedtaket kjem fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.»

\*\*\*\*\*

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
konsulent byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Eivind Gardshol Bjørndal

Nedre 5227  
Kirkebirkeland 18a

NESTTUN